



Til:  
Opplæringsavd, seksjon skule  
v/ Venke Barrikmo

Vår ref.: 69/106/TVN

Dykkar ref.:VB

Stord, 29.0618

## **STORD VIDAREGÅANDE SKULE – RAPPORT 2017 + SAK 2015/5010**

### **Organisering**

Skulen driv ikkje eiga kantine, og har dermed hatt det ute på anbod og innhenta pris på tilbodet. Tenesta er levert av dei som driv kantina vår, Opero AS, som er ei tilretteleggingsbedrift. Skulen har tilbode frukost 4 dagar i veka og der har ein tilbod om både havregrynsgraut og smøremat med diverse pålegg, samt grønnsaker/frukt. Frukosten vert servert mellom 07.30-08.00

### **Økonomi:**

Skulen har prøvd å halde seg innanfor dei gjevne rammene på kr 200.000 for 2017. Sjå vedlagde rapport. (resterande kr 4843,67 er grunna skulen hadde skuleturnering dei siste dagane før jul, og dermed ikkje tilbod om frukost. Pengane er brukt i 2018). Me har hatt ei fleksibel ordning med leverandøren, og føler vi klarer å gje eit godt tilbod til elevane, på grunn av dette.

### **Deltaking**

Deltaking varierer litt, men skulen har jamt godt besøk på skulefrukosten. Vi reknar med at det på det jamne er ca 150 elevar som nyttar seg av tilbodet dagleg (av 830). Vi ser størst elevmasse på yrkesfag i forhold til elevtal.

### **Erfaring med ordninga**

Både elevar og tilsette seier dei er svært glade for dette tilbodet. På foreldremøte til elevane kom det applaus frå alle føresette når ein fortalde om tilbodet. Dette vitnar om at det er viktig for mange partar. Pedagogar gjev tilbakemelding om at elevar i større grad er meir opplagde, det er mindre uro i timane, og elevane er meir presise ved skulestart. I tillegg har dette vore viktig brikke i det sosiale arbeidet. Vi ser no at fleire elevar kjem tidleg til skulen, og dei er sosiale før skulen startar.

Elevrådet ved skulen er også svært opptatt av at dette tilbodet må fortsetje, og vil heller at vi lagar ei billegare løysing (mindre utval), enn å kutte det ut dagar. Elevane peiker også på det sosiale i dette, og seier det er viktig for å få ein god start på dagen. Ettersom skulen er ein regionalskule, er det mange elevar som pendlar. Desse elevane halvsov tidlegare i gongane. No går dei heller til kantina, får i seg god og næringsrik mat, samt tek ein prat med andre.

Oppsummert: sjølv om det ikkje er kvantitativt bevist, er skulen overtydd om at dette er viktig og rett i forhold til både læring og trivsel. Frukosten er ein viktig sosial og inkluderande arena for alle elevane.

Med helsing  
STORD VIDAREGÅANDE SKULE